

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 18/8907-1

## **Endringar i budsjettet for 2018**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

### **A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2018**

- 1 Renteinntekter vert auka med 18,560 mill. kr. Avsetning til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.
- 2 Budsjettert rentekompensasjon vert auka med 4,600 mill. kr, avdrag vert auka tilsvarande.
- 3 Budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter vert fordelt slik:
 

Renteinntekter:	30,500 mill. kr
Renteutgifter:	47,800 mill. kr
Avdrag:	90,100 mill. kr
- 4 Sentralt avsette midlar til pensjon vert redusert med 10,000 mill. kr.
- 5 Teneste 4800 Juridisk honorar og rettssaker vert redusert med 4,300 mill. kr. Av dette vert 1,500 mill. kr avsett til disposisjonsfond til bruk i 2019.
- 6 Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert auka med 0,500 mill. kr, teneste 5211 Gratis læremiddel vert redusert tilsvarande.
- 7 Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert auka med 10,700 mill. kr  
 Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar vert redusert med 0,700 mill. kr.  
 Bruk av fond – skadefondet – vert auka med 10,000 mill. kr.
- 8 Samla vert driftsbudsjettet saldert med avsetning til bufferfondet med 12,800 mill. kr.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Driftsbudsjettet**

#### **1.1 Kapitalinntekter- og utgifter**

Fylkesrådmannen har fullmakt til å sjå ev. endringar i renteføresetnadane, både for kapitalinntektene- og utgiftene, mot avsetning til gjeldssanering det enkelt budsjettår. Det er så langt ikkje gjort nokon endringar knytt til dette i 2018. Fylkesrådmannen vil no fastsetje det endelege nivået på kapitalinntekter/-utgifter for 2018.

#### Renteinntekter

I budsjettet er det lagt til grunn ein snittlikviditet på 600 mill. kr ved berekning av renteinntekter til driftsføremål. Overskytande renteinntekter skal i følgje budsjettføresetnadane avsettast på bufferfondet og nyttast til investeringsføremål.

Fylkesrådmannen har no gjort eit anslag på dei samla renteinntektene ut frå faktiske likviditet i 2018. Prognosen syner at samla renteinntekter vert om lag 30,5 mill. kr. Fylkesrådmannen vil i tråd med gjeldande budsjettføresetnader auke budsjetterte renteinntekter med 18,560 mill. kr, med ei tilsvarande avsetning til bufferfondet.

#### Rentekompensasjon for investeringar i skulebygg og transporttiltak

I revidert nasjonalbudsjett la regjeringa opp til å auke satsen knytt til rentekompensasjon for transporttiltak, frå 1% til 1,5%. Fylkesrådmannen legg til grunn denne rentesatsen for berekning av rentekompensasjon i 2018, noko som utgjer ein auke på om lag 4,7 mill. kr. Vidare syner oppdaterte prognosar for rentekompensasjonen for skulebygg ein svak reduksjon.

Samla vert budsjettet for dei to rentekompensasjonsordningane auka med 4,6 mill. kr. Auken i rentekompensasjonsordningane vert justert mot avdrag.

Endeleg nivå på budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter for 2018 vert fordelt slik:

Renteinntekter:	30,500 mill. kr
Renteutgifter:	47,800 mill. kr
Avdrag:	90,100 mill. kr

#### **1.2 Pensjonsutgifter**

Oppdaterte prognosar frå pensjonsselskapa syner reduserte utgifter til pensjon i 2018. Reduksjonen er i hovudsak knytt til kostnadsforskyving mellom år, noko som gir ein reduksjon i 2018 og eit auka akkumulert premieavvik for 2019. Fylkesrådmannen tilrår difor ikkje å vidareføre reduksjonen i 2019.

Fylkesrådmannen tilrår at budsjetterte utgifter til pensjon vert redusert med 10 mill. kr i 2018.

#### **1.3 Teneste 4800 juridisk honorar og rettsaker**

Sogn og Fjordane fylkeskommune er tilkjent erstatning på 2,7 mill. kr etter dom i Sogn og Fjordane tingrett (07.09.17), som følgje av grovt utruskap. Vidare er fylkeskommunen pliktig å betale attende urettvis motteken momskompensasjon på om lag 0,5 mill. kr for innkjøp gjort i samband med dette. Varene som blei kjøpt er no selde og har gitt fylkeskommunen ei salsinntekt på om lag 0,6 mill. kr. Dette gir ei netto inntekt på om lag 2,8 mill. kr, som ikkje er budsjettert.

Prognosen for juridisk honorar syner eit mindreforbruk på 1,5 mill. kr, der 0,9 mill. kr er knytt til SFE-saka. Det er budsjettert med 1,430 mill. kr til juridisk honorar i 2019. Med bakgrunn i vidare arbeid med SFE-saka meiner fylkesrådmannen dette ikkje er tilstrekkeleg, og tilrår difor at mindreforbruket på 1,5 mill. kr vert avsett til bruk i 2019.

Samla gir dette grunnlag for å redusere tenesta med 4,3 mill. kr. Vidare vert det tilrådd ei avsetning på 1,5 mill. kr til disposisjonsfond i 2018 som skal nyttast i 2019.

#### **1.4 Teneste 5210 utdanningsprogramma og teneste 5211 gratis læremiddel**

I tertialrapport 1/18 blei løyvinga til gratis læremiddel redusert med 0,5 mill. kr. Reduksjonen blei ved ein feil gjort på teneste 5210 Utdanningsprogramma. Dette vert retta opp no. Fylkesrådmannen vil difor auke teneste 5210 Utdanningsprogramma med 0,5 mill. kr og redusere teneste 5211 Gratis læremiddel tilsvarande.

#### **1.5 Teneste 7222 fylkesveggar – drift og vedlikehald og teneste 7223 fylkesveggar – uføresette hendingar**

Statens vegvesen har meldt eit behov for 39 mill. kr til opprydding etter flaum i 2018. For å dekke noko av denne meirkostnaden vil fylkesrådmannen tilrå å nytte den resterande løyvinga på teneste 7223 fylkesveggar – uføresette hendingar på 0,7 mill. kr. Vidare vert det tilrådd å bruke 10 mill. kr av skadefondet. Den resterande økonomiske utfordringa knytt til flaumskadar må finne si løysing innafor dei årlege budsjetttrammene til drift- og vedlikehald samt føresette skjønsmidlar frå KMD.

#### **1.6 Saldering**

Denne saka syner eit samla mindreforbruk på 12,8 mill. kr. Mindreforbruket vert tilrådd avsett til bufferfondet. Dette er ei naudsynt avsetning då midlane vert føresett nytta til saldering av økonomiplan 2019-22